



Berit Harriet og Ivar Kåre satsr på einny serie med sundagsdans i Helgheim

#### **Enkel, uformell opplæring av kvalifiserte instruktører.**

**Det kan Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland lokka med når dei no tek fatt på ein ny runde med dans i Helgheim.**

**Det er eit par frå kommunen som har teke på seg opplæringa ved behov.**

**Dansen startar søndag 15. januar klokka 19.30 og så held dei det gåande annankvar søndag utover vinteren og våren**

Det var sist vår det danseglade paret hadde ein serie med dansekvele i det tradisjonsrike ungdomslokalet og hadde suksess med det.

Opplegget vart marknadsført under vignetten SWING, men no går ikkje arrangørane ut med noko slik overskrift. Dei lovar kort og godt god og variert dansebandmusikk og presiserar at folk i alle aldrar er velkomne. Ikkje minst ser dei fram til at det kjem fleire yngre. Det vert ikkje stilt spesielle krav til ferdigheit på førehand og både par og einslege må komma på Helgheim.

- Dans betyr god trim og triveleg sosialt samvær, understrekar Berit Harriet og Ivar Kåre som vil krevja inn berre ein liten slant som inngangspengar,

Ei enkel matøkt vil dei sjøve  
stå ansvarlege for, i alle fall fyrste gongen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen